



Arkivsaknr: 2024/10071-19  
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland  
Furustøl  
Avdeling:

## SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø samt avslag på søknad om løyve for flytebryggje med landgang – gbnr 347/52 Skurtveitvegen

Utvalssak    Utval

Møtedato

---

Utval for areal, plan og miljø

### KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå tiltakshavar på avslag på dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø samt avslag på søknad om løyve for flytebryggje med landgang – gbnr 347/52 Skurtveitvegen, datert 03.02.2025, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankrav, arealføremål på land og i sjøen for oppføring av flytebryggje med landgang. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om løyve til etablering av flytebryggje. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

### SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 46/2025

Påklaga vedtak: Avslag på søknad om dispensasjon og avslag på søknad om løyve til tiltak, datert 15.01.2025

Tiltak: Flytebryggje med landgang.  
Gbnr 347/52 - Flytebryggja er 12,4 meter lengde og 2,4 meter bredde pluss landgang med 4 meter lengde.

|                                    |                                                                                            |
|------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                    | Gbnr 347/49 - Flytebryggja er 6*2m (12m <sup>2</sup> ) og tilhøyrande landgang på 4 meter. |
| Søknadstype:                       | Dispensasjon og søknad om tiltak                                                           |
| Eigedom:                           | Gbnr. 347/52                                                                               |
| Adresse:                           | Skurtveitvegen 10, 5917 ROSSLAND                                                           |
| Tiltakshavar:                      | BOXASPEN MAY BRITT PISANI                                                                  |
| Klagar:                            | Tiltakshavar med hjelp av ansvarleg søkjar – Auctor Bergen A.S                             |
| Nabomerknad/<br>tilsvar til klage: | Gbnr 347/49 – Ørjan Vatsøy                                                                 |

### **Vurderingstema for APM**

APM må vurderer avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø samt avslag på søknad om løyve for flytebryggje med landgang.

Dersom APM vel å snu, så kan det kun gjerast vedtak om innvilga dispensasjon. Saka vert vidaresendt til administrasjonen for løyve til tiltak i tråd med gjeve dispensasjon for etablering av flytebryggje.

Dersom APM vel å snu, så kan det ikkje tas stilling til rehabilitering av kai. Søknaden ikkje gir tilstrekkeleg opplysningar om tiltaket og søknaden er ikkje komplett slik at den ikkje kan realitetshandsamast, jf. forvaltningslova (fvl.) § 17 og plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4.

Dersom APM vel å snu, så må det vurderast likehandsaming for godkjent tiltak for 347/49 saman med nabomerknad/tilsvar til klage frå gbnr 347/49 om større avstand enn 7,2 meter mellom flytebryggjene slik situasjonsplanen viser. Flytebryggja til gbnr 347/49 er godkjent, men ikkje etablert. Det ligg føre avstanderklæring frå gbnr 347/49 til gbnr 347/52 om avstand på 7,2 meter mellom flytebryggjene, datert 26.04.2024. Avstanderklæringa er signert av tidlegare eigar av gbnr 347/49 – Kjartan Johanssen. Ny eigar av gbnr 347/49 er Ørjan Vatsøy sidan 04.11.2024.

### Sakshandsaming

Søknaden er ikkje sendt på høyring til Statsforvaltaren eller andre offentlege mynde. Det er ikkje opplyst i vedtaket kvifor saka ikkje er sendt på høyring til Statsforvaltaren. Det er i klageomgangen vurdert at dette er ein sakshandsamingsfeil sett i lys av samordningsplikta, jf. § 21-5 og Statsforvaltaren som sektormynde i strandsona. Saka er ikkje er så godt opplyst som mogleg etter fvl. § 17.

Imidlertid så har ikkje sakshandsamingsfeilen verka inn på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Administrasjonen vurderte uansett søknaden om dispensasjon til avslag.

Dersom APM snur saka, så får Statsforvalteren det positive vedtak til klagevurdering.

Saksbehandlingsfeilen er ansett reparert i klageomgangen, jf. fvl. § 33.

### Nytt i klageomgangen

Nabomerknad er datert 25.11.2024 og er gitt innfor gjeve frist ved nabovarselet. Nabo med merknad har sendt sin merknad til ansvarleg søkjar gbnr 347/49 på digitalt skjema om svar på nabovarsel. Merknaden var imidlertid ikkje lagt ved søknaden til kommunen. Nabomerknaden var ukjent for kommunen ved handsaminga av søknaden. Nabo med nabomerknad har sjølv dokumentert og sendt inn nabomerknaden i klageomgangen. Nabomerknaden og tillegg til nabomerknad (tilsvar til klage) er oversendt til ansvarleg søkjar for tilsva/kommentar i klageomgangen. Ansvarleg søkjer har sendt inn tilsva til nabomerknaden. Ansvarleg søkja opplyser at det ikkje er mottatt fleire nabomerknadar til søknaden enn frå gbnr 347/49.

I utgangspunktet er det ein feil av ansvarleg søkjar å ikkje sende inn mottatte nabomerknad til kommunen, sjå plan- og bygningslova § 21-3 og forvaltningslova § 17.

Ansvarleg søkjar viser til at det er avgitt avstanderklæring frå gbnr 347/49. Dei hadde då ikkje rekna med å motta ein negativ nabomerknad frå gbnr 347/49. Dei beklagar at nabomerknaden ikkje var sett av dei.

På bakgrunn av ovannemnte saksgang i klageomgangen, så er nabo med merknad ivaretatt i klageomgangen og ansvarleg søkjar har nytta sin moglegheit for tilsva som del av kontradiksjon (moglegheita å motsei). Saka er nå så godt opplyst som mogleg slik at feilen er ansett reparert i klageomgangen, jf. fvl. § 33.

#### **Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM**

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar. Klagar har klagerett i saka som part. Vedtak i saka er sendt ut 15.01.2025. Klagen er mottatt 03.02.2025, grunngjeven den 19.02.2025 og sist supplert 21.05.2025. Klagen er mottatt innan fristen.


Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

#### **Planstatus**


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Meland kommune 2015-2026 er definert som naustføremål på land. Området i sjø er i planen avsett til småbåthamn FL\_13. Av planen går det fram at etablering av flytebyggjer/bryggjer skal skje i form av fellesanlegg slik det går fram av pkt. 1.6.8 i planføresegna.

## Kart og foto

### Oversikt




### Plan- gbnr 347/52 markert med rødt punkt




## Situasjonskart


# Mjølkevika



## Plan og fasade teikningar



Ortofoto – gbnr 347/52



### Uttale frå andre mynde

Søknaden er ved ein inkurie ikkje sendt på høyring til Statsforvaltaren. Kva Statsforvaltaren eventuelt vil meine om tiltaket er difor ukjent.

Det er henta inn førehandsuttale frå Bergen Hamn den 23.01.2024. Dei er positive til tiltaket og vil gi løyve etter havne- og farvannsloven på det tidspunkt saka er komplett (tiltaket må vere i samsvar med plan og dispensasjon frå kommunen må ligge føre).

### Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avstanderklæring frå gbnr 347/49 til gbnr 347/52 om avstand på 7,2 meter mellom flytebryggjene, datert 26.04.2024.

Nabo - gbnr 347/54 har gitt erklæring om avstand til gbnr 347/52, datert 11.06.2024.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Småbåthamn betyr at det skal tilretteleggjast for bryggjar og naust til nærliggande eigedomar sik at dei kan bruke området. Denne fjerde bryggja vil komplimentere i storleik og plassering dei allereie to andre etablerte bryggene og ein tredje bryggje som er godkjent for etablering. Det vert vist til likehandsaming for sak 21/6489 – gbnr 347/49. Det er godkjent flytebryggje på naboeigedomen - gbnr 347/49 som på noverande tidspunkt ikkje er etablert.

## Klagegrunnar, nabomerknad samt tilsvar til nabomerknad

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Øvrige bryggjer er ikkje ein del av eit fellesanlegg. Det vert vist til likskapsprinsippet i sak 21/6489 – gbnr 347/49. Naustet på gbnr 347/52 er det siste naustet i en rekkje som ikkje har fått godkjent flytebryggje. Det vert påberopt personlege tilhøve (handikapp) for ein av brukarane av omsøkt flytebryggje. (Administrasjonen har hatt dialog med ansvarleg søkjar i klageomgangen og det vert opplyst at dei påberopte personlege tilhøva ikkje lengre gjer seg gjeldande.)

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Nabomerknad og tilsvar til klagen frå gbnr 347/49 er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Viser til vedlegget som viser avstanden mellom flytebryggen tilhørende eiendommene 347/49 og 347/52 på det smaleste punktet, som måler 7,2 meter.

Jeg, som eier av flytebryggen på 347/49, planlegger å legge til en 26 fots seilbåt (ca. 8 meter lang) på nordsiden av bryggen. Dette er den mest værskånte siden og derfor mest hensiktsmessig for trygg fortøyning.

Min bekymring gjelder sikkerhetsavstanden for navigering mellom bryggene dersom det etableres en flytebrygge på 347/52. Med en avstand på bare 7,2 meter mellom bryggene kan det bli utfordrende, spesielt dersom det også legges en båt på sørsiden av bryggen til 347/52. Dette kan føre til økt risiko for kollisjon ved manøvrering av større båter som min egen.

Jeg ber derfor om at det vurderes en økning av avstanden mellom flytebryggene for å sikre trygg navigering og redusere risikoen for ulykker. Jeg er åpen for dialog for å finne en løsning som ivaretar sikkerheten for alle parter.»

Tilsvaret fra nabo gbnr 347/49 til klagen inneholdt dei same argumenta som er fremja i nabomerknad. Det vert vist til sikkerheit, der det bes om ein dialog for endra plassering av omsøkte flytebryggje. Det er ønskeleg å auke avstanden mellom omsøkt bryggja - gbnr 347/49 og godkjent bryggje gbnr 347/49. Med auka avstand, så vert det plass til større båtar på 20-26 fot slik gbnr 347/49 vil ha fortøyd på sin framtidige og godkjente bryggje.

Det vert vist til nabomerknad og tilsvaret til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvaret til nabomerknad mv. frå gbnr 347/52 er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Situasjonsplanen viser ein gjennomsnittleg avstand mellom bryggene på ca. 7,6 m. Der er avgitt naboerklæring om avstand frå gbnr 347/49 til gbnr 347/52. Avstanderklæringa syner at nabo har godkjent plasseringa av omsøkt flytebryggje på gbnr 347/52. Ved søknad om etablering av bryggje for gbnr 347/49, så ønsket gbnr 347/49 å avslutte samarbeidet om en felles bryggje med gbnr 347/52. Det har vore fremja i søknaden om etableringa av flytebryggje til gbnr 347/49 at gbnr 347/52 også skal ha plass til å etablere sin eigen flytebryggje. Det forventast at båtførarar har naudsynt kompetanse til å manøvrere fritidsbåt.

Dersom plasseringa av flytebryggja vert endra ca. 0,5 meter sydover, så vert avstand mellom bryggene i overkant av 8 meter.

Det vert vist til tilsvar til nabomerknad mv. frå gbnr 347/52 i sin heilskap som følgjer vedlagt.

### **KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN**

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Arealet i sjø er omfatta av kommunedelplanen til Meland og er satt av til Småbåthamn FL\_13. Arealet på land er er satt av til naust NA\_12. Tiltak som er til ulempe for denne bruken kan ikkje tillatast. I tillegg krev tiltaket dispensasjon frå plankrav for opparbeiding av felles reguleringsplan for område.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av flytebryggje på uregulert eigedom, avsett til naustføremål i KDP Meland. Av kommunedelplanen går det fram at det berre kan først opp bryggje/flytebryggje i direkte tilknytning til eksisterande bygg (naust i dette tilfelle) som fellesanlegg, jf.pkt.1.6.8 i KDP.

Det er etablert naust på omsøkte eigdommen gbnr 347/52. Administrasjonen ser at flytebryggje vil sikre eigar tilkomst til sjø. Det ligg fleire flytebryggjer i området, men administrasjonen kan ikkje sjå at alle desse er godkjent oppført.

Det kunne vere et fordel for eigedommer gbnr 347/49, 347/54 og 347/52 å samarbeide for å etablere felles anlegg i samsvar med KDP føresegn 1.6.7.

Tiltakshavar viser i dispensasjonssøknaden til likebehandlingsprinsippet i forvaltningslova og legger til at gbnr. 247/49 i sak 1280/21 (handsama 2022/2023) fekk godkjent flytebryggje. Denne søknaden vert og avslått av administrasjonen som ikkje kan sjå at lovens vilkår for dispensasjon var oppfylt. I saka blei det gitt løyve ved politisk handsaming etter klage på administrasjonens vedtak.

Dei siste åra har fokus på vern av strandsona gjort at regelverket er vesentleg stramma inn, dispensasjonspraksis for å godkjenne tiltak i strandsona eller i sjøen er derfor mykje strengare enn dei var for nokre år sidan.

Vi viser til at denne delen av Alver ligg i sone to i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Her skal det mykje til for å gje dispensasjon.

Statsforvaltaren skrivar generelt om stort utbyggingspress og bevaring av strandsona, slik at privatisering av strandsona ikkje skjer i form av tilfeldige dispensasjonar. Statsforvaltaren er uroa for uheldig presedensverknad ein dispensasjon kan ha for liknande saker i området.

Statsforvaltaren oppfordrar til å finne felles løysingar heller enn at kvar eigedom skal ha si bryggje. Dette arbeidet kan gjerast i framtidig reguleringsplanen.

Isolert sett ser ikkje kommunen at tiltaket er i vesentleg konflikt med korkje planføremaal naust på land, eller planføremaal i sjøen- småbåthamn FL\_13, men tiltaket kjem i vesentleg konflikt med planføresegn om felles flytebryggje til bruk av to eller fleire eigedommar. Kommune meiner at tiltaket medfører privatisering av område avsett til felles flytebryggjeanlegg og det vert vanskeleg å oppnå planføremaal om felles anlegg om det vert gjeve dispensasjonar til kvar nauteigar.

Kommune vil oppfordre grunneigare til samarbeid om felles anlegg i tråd med planen.

Kommunen vurderer at ei godkjenning av tiltaket slik det er søkt om vil kunne medføre ulemper i form av presedens for tilsvarande søknadar og det vil privatisere felles området i sjøen. Vi kan dermed ikkje sjå at det ligg anna enn private fordelar til grunn som tilseier at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt.

Det er særleg viktig å unngå dispensasjon for å sikra føremåla med byggeforbudet i 100-meters belte, og vern av strandsona. Det følger av forarbeida til plan- og bygningslova at dispensasjon skal være ein klar unntaksregel (jf. Ot. Prp. Nr. 32 (2007 – 2008) s.242. Vidare er den klare hovedregelen at all eventuell bygging i strandsona skal skje gjennom arealplanlegging, jf. Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kap. 6 andre avsnitt.

Vilkår for dispensasjon må tolkast i lys av lovens formål og lovgivars veiledning. Vilkår for dispensasjon i plan- og bygningslova av 2008 er i all hovudsak ein vidareføring av 1985-loven (lov 14. juni 1985 nr.77). Sjølv om lovgivar har justert ordlyden, er det sikkert at loven skal tolkast på same måte. I plan- og bygningslova av 1985 lyd vilkår for at det kan gjevast dispensasjon at det må foreligga «særlige grunner». I forarbeidene til lova gjekk det fram at kun i «helt spesielle tilfeller vil ...forhold vedrørende søkerens person kunne ansees som særlig grunn». I vurdering av fordelar skal kommunen som hovedregel derfor ikkje vektlegga personlege fordelar og omsyn, men objektive og samfunnstenelige fordelar. Vidare følgje det av Ot. Prp. Nr. 23 (2007-2008) s. 139 og 243, at eit føremål med ordlydsending og presisering i den nye lova var også å stramme inn mogelegheita for å gje dispensasjon, særleg frå reglar om byggeforbod i 100-meters beltet. Vurdering av dispensasjonar frå § 1-8 og plankrav i strandsonerområde må derfor vurderast i lys av den strenge praksisen som er ønska politikk av lovgjevar.

Ansvarleg søkar visar og til at Alver kommune har vedtatt Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, at denne har forrang over kommuneplan. Vidare at punkt 1.3, 2.1.2 , og 1.2 samla sett tilsier at tiltaket skal godkjennast under unntaksregel. Byggesaksavdelinga har fått ein uttale frå tenesteleiar på avdeling for plan og analyse som klargjer førehaldet til IKP:

**From:** Kristin Nåmdal[kristin.namdal@alver.kommune.no]  
**Sent:** 17.10.2024 11:01:03  
**To:** Lene Helgesen[lene.helgesen@alver.kommune.no]  
**Subject:** Rettsverknad for interkommunalplan for sjø i Alver.  
Om interkommunal plan for sjø.

1.2. Generelt om rettsverknad IKP SJØ styrer korleis sjøareala i dei åtte deltakande kommunane skal brukast og vernast, og kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala, jfr. pbl. § 1-2.1.2. Generelt om rettsverknad IKP SJØ styrer korleis sjøareala i dei åtte deltakande kommunane skal brukast og vernast, og kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala, jfr. pbl. § 1-2.

For tilhøve til vedtekne kommuneplanar (KPA) og kommunedelplanar (KDP) sjå føreseigna kap. 1.3. I arbeidet med føresegnene saman med Statsforvaltaren vart det presisert at denne planen berre gjeld for sjøarealet og gjeld føremål i pbl.. «nr 6 – bruk og vern av sjø og vassdrag – med underføremål». For tiltak som «startar på land» og går ut i sjø vil det vere den einskilde kommuneplan i den einskilde kommune som vil gjelde.

I Alver kommune er det kommunedelplanane som gjeld for tiltak på land som gå ut i sjø, tildømes kaier og flytebyggjer.

Vedteken plan for sjøareal i Nordhordland - Region Nordhordland

IKP er derfor ikkje relevant å vurdera i denne saka.

Vilkåra for å gje dispensasjon for etablering av flytebrygge på gbnr 347/52 er etter dette ikkje oppfylt. Når det ikkje vert gjeve dispensasjon vert søknad om løyve til å etablere flytebryggja etter plan- og bygningslova kap. 20 avslått.»

### Vurdering av nabomerknad

Administrasjonen viser til at gbnr 347/49 har avgjeve erklæring om plassering av flytebryggje til gbnr 347/52 på minimum 7,2 meter, datert 26.04.2024. I nabomerknad til nabovarselet for søknaden, datert 25.11.2024, så viser gbnr 347/49 til at 7,2 meter avstand mellom flytebryggjene truleg er for lite. Gbnr 347/49 ønsker å ha ein 26 fots seglbåt fortøydd til sin flytebryggje som krevjar større avstand grunna sikkerheit.

I denne perioden frå avstanderklæring april 2024 til nabomerknad november 2024, så har det vore eit eigarskifte på gbnr 347/49. Ny eigar har eit anna standpunkt til plassering enn tidlegare eigar.

Plan- og bygningsloven er tydleg på at når det er samtykka skriftleg med ein avstand på 7,2 meter frå gbnr 347/49 og 347/52, så er gbnr 347/49 bundet av sitt skriftlege samtykke.

Samtykket følger eigedomen. Eigarskifte gjeld person og endrar ikkje allereie inngåtte erklæring som binder eigedomen. Kommunen skal difor ikkje ta omsyn til nabomerknaden om ønsket om større avstand mellom bryggjene.

Viss gbnr 347/49 vil ha endra plassering av flytebryggja, må gbnr 347/52 samtykkje og det må sendast inn ny søknad med endra plassering. Gbnr 347/52 har uttalt at dei kan endre avstanden med 0,5 meter slik at avstanden vert 8 meter. Administrasjonen viser til at dette er avvik for plassering i gitt løyve som det normalt sett som kan godtakast.

På denne bakgrunn tas ikkje nabomerknad og tilsvar til klagen frå gbnr 347/49 til følge.

### **Vurderingar av moment i klagen**

I klageomgangen, så er det gjentatt påberopt likehandsaming for gbnr 347/52 og 347/49. Nytt i klageomgangen er nabo med merknad/tilsvar til klage – gbnr 347/49. Ytterlegare vurdering av desse forholda, vert ein del av APM si vurdering såfremt APM vel å snu saka.

Det ligg ikkje føre nye opplysningar i saka som endrar administrasjonen sitt syn på avslag på dispensasjon etter pbl. § 19-2.

Vilkåra i pbl. § 19-2 er ikkje oppfylt. Det kan ikkje gis dispensasjon, jf. pbl. § 19-2.

### **Konklusjon**

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følge.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Vidare sakshandsaming**

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

### **Nytta lovverk**

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.

- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

## Vedlegg

- 1 Forhåndsuttale vedr - Søknad om rehabilitering av kai og utlegging av flytebrygge med tilhørende landgang - gnr-bnr 347-52, Mjølkevika, Alver kommune
- 2 Erklæring 347 49
- 3 Erklæring 54-sign
- 4 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765 03
- 5 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765 02
- 6 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765
- 7 Situasjonsplan 01
- 8 Kvittering-Nabovarsel #1 (7)
- 9 Nabovarsel 347\_54

- 10 Nabovarsel (51)
- 11 Ett-trinns søknad - rehabilitering av kai og utlegging av flytebrygge - Gbnr. 347/52 - Skurtveitvegen 10
- 12 Ber om supplerings av søknad
- 13 Svar Supplering 14102024.pdf
- 14 Supplering av søknad om tiltak - gbnr.347/52
- 15 Supplering av søknad om tiltak - gbnr. 347/52
- 16 Nabovarsel
- 17 Nabovarsel
- 18 Kvittering for nabovarsel
- 19 Epost
- 20 Dispensasjon
- 21 Supplering av søknad - gbnr 347/52 - Skurtveitvegen 10
- 22 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765 03
- 23 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765 02
- 24 Flytebrygge plan snitt ankerplan 200765
- 25 Situasjonsplan 01
- 26 Søknad om løyve til etablering av flytebrygge/kai vert avslått - Gbnr 347/52 - Skurtveitvegen 10
- 27 Klage på vedtak - gbnr 347/52 Skurtveitvegen 10
- 28 Tilsvar: Klage på vedtak - gbnr 347/52 Skurtveitvegen 10
- 29 Begrunnelse klage .pdf
- 30 Utfyllende klage på vedtak - gbnr. 347/52
- 31 Innsending av nabomerknad til byggesak - gbnr. 349/52
- 32 Nabovarsel (1).pdf
- 33 Svar på nabovarsel (1).pdf
- 34 Tilleg tilsvar på nabovarsel.pdf
- 35 Moglegheit for tilsvar til nabomerknad(er) - sak 2024/10071 - gbnr 347/52 Skurtveitvegen

- 36 Svar på - Moglegheit for tilsvar til nabomerknad(er) - sak 2024/10071 - gbnr 347/52 Skurtveitvegen
- 37 Tilsvar 20052025.pdf
- 38 Tilsvar til nabomerknad - sak 2024/10071 - gbnr. 347/52 Skurtveitvegen